

# ÅRSRAPPORT 2014 FRÅ STATENS NATUROPPSYN TIL BREHEIMEN NASJONALPARKSTYRE

10.11.2014

Statens naturoppsyn  
Øyvind Angard og Liv Byrkjeland



**SNO tilsette:**

Liv Byrkjeland, Luster

Øyvind Angard, Skjåk

**I tillegg er det kjøpt tenester av:**

Skjåk almenning

Lom fjellstyre

Skjolden bygdeservice SA


Johannes Hauge, Kjell Einar Ormberg, Jenny Bakken og Turid Gudmundson, Oddvar Vigdal, Vigdalen  
grendalag,

# Innhold


1. Oppsynsaktivitet: kontroll/tilsyn og informasjon.....	3
1.1. Motorferdsel .....	5
1.2. Villrein.....	5
1.3. Informasjon .....	7
1.4. Plukking av søppel .....	9
1.5. Tilsyn med tamreindrift .....	9
2. Registrering/overvåking .....	10
2.1. Ferdstelling.....	10
2.2. Bevaringsmål – strukturert befaring .....	11
2.3. Artsobservasjoner .....	11
2.4. Bestandsregistrering rovvilt .....	13
2.5. Registrering av tekniske installasjoner .....	14
3. Tiltak frå bestillingsdialogen.....	15
3.1. Kulturlandskapsskjøtsel i Mørkridsdalen .....	15
3.2. Skjøtsel i Vigdalen.....	18
3.4. Utbetring av buforveg i Mørkridsdalen.....	19
3.3. Utbetring sti i Vigdalen.....	22
3.4. Skilting i Mørkridsdalen og Vigdalen .....	23
3.5. Inngjerding av parkeringsplass i Tundradalen.....	24
3.6. Inngjerding av parkeringsplass i Høydalen.....	25
3.7. Bygging av ny bru over Sotgrove ved Sota sæter .....	27
4. Andre tiltak .....	28
4.1. Tilrettelegging i Dumdalen .....	28
4.2. Uttak av fremmede arter i Tundradalen .....	289

# 1. Oppsynsaktivitet: kontroll/tilsyn og informasjon

Figurane under viser oversikt over brukt arbeidstid i timer på ulike verneområde og fagområde hjå SNO i Luster og Skjåk/Lom i 2014. Det er brukt mest tid på oppsynsaktivitet (tilsyn) på begge sider av grensa. Det er også brykt mykje tid på tiltak og skjøtsel.




Figur 1. Tal timer brukt på ulike arbeidsområde i Luster.




Figur 2. Tal timer brukt på ulike arbeidsoppgåver i Luster.

## Skjåk/Lom



Figur 3 SNO Breheimen-Skjåk sine timer bruk i ulike verneområde.



Figur 4. Tal timer bruk på ulike arbeidsområde i Oppland.

## **1.1. Motorferdsel**

I Sogn og Fjordane har det vorte gjennomført sporadisk kontroll av motorferdsel, men ingen fellesaksjonar med politi. Køyringa med snøscooter ser ut til å vere stabil, og det er observert køyrespor i same områda som i fjar: Vigdalen og Kokstad-Osen området. Det er kome tips om ulovleg køyring i innfallssporten til Breheimen på den nye traktorvegen til stølen Hornane utanfor parkgrensa, men det er ikkje avdekkta ulovleg køyring. Her har SNO saman med naturforvaltar og skogbrukssjef i Luster kommune hengt opp skilt om at motorferdsel er forbode. Mange melder ifrå til SNO om når dei skal ut å køyre i tråd med løyve som er gitt. SNO-Luster har delteke i politiaksjon mot ulovleg snøscooterkjøring i problemområdet i Sogndal kommune.

I Oppland har det vore sporadiske kontrollar av lovleg motorferdsel både om sommaren og vinteren, ingen aksjon saman med politi. Ein god del lovleg køyring i samband med bygging på hytter, spesielt i Lundadalen. I Strynefjellet LVO fekk sommarskisenteret på Tystigen løyve til å køyra inn nokre turar i månadskiftet april/mai noko som resulterte i noko ekstra oppsyn for evt å stoppa kjøring dersom reinen gjekk i området. Det har ikkje vorte avdekt ulovleg kjøring.

### *Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging*

Følgje med på motorferdsel etter løyve. Gjennomføre sporadiske oppsynsturer for å forebygge/avdekke ulovlig bruk av motorkjøretøy i verneområda.

## **1.2. Villrein**

Sno har eit godt samarbeid med villreinutvalget i Ottadalen.

### *Registrering av områdebruks*

Vi i Sno bidreg med datainnsamling med kor reinen befinn seg i store delar av året, dette er data som kjem til nytte for områdestyret også, for å fastslå når reinen er i kva område i løpet av året.

### *Teljingar*

Vi er med på minimumstelling om vinteren, samt strukturtelling om hausten etter jakta. Dette for at forvaltninga skal få gode tal å basere jaktkvota for neste års jakt.

### *Villreinjakt*

Sno samarbeidar med villreinutvalget for Ottadalen om gjennomføring av oppsynet under villreinjakta både i Reinheimen og Breheimen (figur 6,7). Som før er det arrangert eit oppsynsmøte i forkant av villreinjakta, der alle oppsyn som skal fungere i jakta er med. På dette møtet er SNO ein av bidragsytarane med det faglege opp mot oppsynskorpset. Også dei som er innleidd kun i villreinjakta brukar sno-uniformering og SNO-tenestebevis. Etter jaktslutt har sentrale oppsynsfolk eit oppsummeringsmøte, der også SNO deltek.



*Figur 5 Vellykka villreinjakt i Mysubytdalen. Foto: Anna Bilstad*

Under årets villreinjakt Reinheimen og Breheimen deltok SNO med 4 fast ansatte naturoppsyn, som i sum utførte følgjande:

Ant. Dagar	Ant. Timar	Ant. kontrollerte	Ant. Info	Ant rapportar	Ant. OPS
41	426	44	305	5	2

*Figur 6 Statistikk på fast ansette under årets villreinjakttoppsyn.*

Saker frå årets villreinjakt:

- 5 rapportar: 3 manglende jegeravgift, derav 1 ikkje betalt jegeravgift, og 2 for feilskyting.
- OPS: lang skyteavstand, ufullstendig ettersøk og i tillegg 2 tilfeller av ufullstendig utlånerklæring.

#### *Utviklingstrekk/utfordringer*

Sjå villreinutvalgets årsmelding/oppstnsrapport.

#### *Anbefalte oppfølgingspunkter neste år*

Sjå villreinutvalgets årsmelding/oppstnsrapport.

### 1.3. Informasjon

SNO har brukt ein god del tid på informasjonsarbeid i 2014. Rundt 520 personar i Luster og 367 i Lom og Skjåk, altså totalt 887 har blitt informert direkte av SNO i felt eller i føredrags samanheng.

Informasjonsarbeidet har dreid seg mykje om Barnas naturoppsyn i 2014. Barnas naturoppsyn er eit undervisning tilbod til 6.-7. klasse der elevane hjelper naturoppsynet med å informere om viktige verneverdiar i verneområda. Barnas naturoppsyn er eit stort samarbeidsprosjekt mellom SNO og forvaltarar i Langsua, Reinheimen, Breheimen, Jotunheimen og Jostedalsbreen. I 2014 vart det undervist i Jotunheimen og Reinheimen, og elevane har levert flotte informasjonsprodukt, bl.a. denne avisartikkelen, figur 7.



Figur 7. Borna frå Gaupne skule har skrive avisartikkel om villreinen.

På Sota sæter vart det også i år arrangert **Nasjonalparkfestival**, der SNO Skjåk bidrog i ei prosjektgruppe før og under festivalen. Under sjølve festivalen var vi med på ein barnecamp, der fokus gjekk på å aktivisere ungane med tema omkring friluftsliv – fisking, båltenning, lassokasting og mykje meir. Dei som ville fekk være med å overnatte i Lavvo utan foreldre. Dette var av det som var best besøkt på festivalen. På evalueringsmøtet etter festivalen, kom komiteen fram til at besøket totalt sett er for lite for å vidareføre dette arrangementet. Det ligg for mykje arbeid bak for at det skal kunne forsvarast å gjere eit nytt arrangement, festivalen blir difor nedlagt.



*Figur 8. Lavvoeiren på nasjonalparkfestivalen.*

**Barske glæder i Lom** går som før, dette er eit samarbeidsprosjekt mellom mange aktørar. Vi inviterer 5. klasse i Vågå, Lom og Skjåk og gjev dei ein dag ute med naturveiledning.

Nytt i år er at SNO Skjåk har engasjert seg i nasjonalparklandsbyarbeidet i Lom, der folk frå skuleverket også har delteke. Vi var på ein studietur til Storslett i Nord-Reisa for å hauste av erfaringar dei gjer der i arbeidet med å nå fram til barn og unge.

Gjennom prosjektet Mennesket og naturarven har skuleprosjektet fått stor merksemrd nasjonalt. Undervisningsheftet som vart laga er utseld, og må trykkast i nytt opplag. Høgskulen i Nord-Trøndelag har sett det på pensumlista, og det same vurderar Høgskulen i Sogn og Fjordane. Også i år har Mørkridsdalen landskapsvernområde vorte trekt fram i nasjonale og internasjonale konferansar, bl.a. i Stockholm og Oslo, og er føregangsdøme for andre lokale prosjekt som i Roltdalen.

#### *Utviklingstrekk/utfordringer - forslag til oppfølging*

Det er viktig å halde fram med å ha stort fokus på informasjon og naturveiledning då ein ser at dette har veldig positiv effekt, både i lokalmiljøet men også ut over dette. Det er viktig å vidareføre metodane frå prosjektet Mennesket og naturarven med å lytte til tradisjonell

naturkunnskap , og ta kunnskapen i bruk der den er relevant i arbeidet med å ta vare på verneverdiar. I tillegg vil samarbeidet med Barnas naturoppsyn bli videreført og utvida i 2014. Generelt førebyggjande arbeidet gjennom informasjon vil også vere høgt prioritert.

#### **1.4. Plukking av søppel**

I år har det ikkje vore gjort stor innsats på opprydding på Strynsfjellet, der det fortsatt ligg att ein del jernskrap etter den gamle telefonlinja. Det har vore rydda sporadisk på plassar vi har kome over ellers i terrenget, som i Dumdalsgrottene, ved bålpassar, ved fiskevatn og liknande.

##### *Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging*

Det vil i 2015 bli sett av noko tid til rydding på Strynsfjellet, samt også langs NP-grensa på Sognefjellet, der det også er restar etter telefonline.

#### **1.5. Tilsyn med tamreindrift**

I år vart det ein spesiell situasjon då tamreinlaget den 18.februar mista over 200 dyr i eit ras like ved Høyrokampen rett utanfor reservatet. Når flokken deira kom til Breheimen same veka, oppdaga gjetarane at det mangla meir dyr frå storflokkene. Dersom den hadde kryssa Lundadalalen, og dermed kunne koma i kontakt med villreinflokkane der, kunne det være ei fare for samanblanding. Vi hadde difor fleire turar til fjells for å halde situasjonen under kontroll og det gjekk godt og vel to veker før gjetarane fann att flokken på om lag 200 dyr som gjekk i området Sognefjellet/Utladalen.

27. mars hadde vi flyteljing av villreinen, då oppdaga vi to bukkeflokkar (villrein) som gjekk i sida opp mot Hesthø. På dette tidspunktet hadde tamreinlaget flokken sin i området ved Storhøe. Derfor vart det nokre ekstra oppsynsdagar for å følgje med på at dei ikkje kom i kontakt med kvarandre. Den 3.april var eg med når tamreinlaget fløtte ut av Breheimen og til Jotunheimen mot kalvingslandet der. Villreinbukkane gjekk då i same området mellom Hesthøe og Sandgrovskardet.

Å kunne ha ein open og løpende dialog mellom villreinutvalget, tamreinlaget, grunneigarane, forvaltarane og SNO viser seg å vere viktig å oppretthalde.

##### *Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging*

Fortsetja dialogen med partane i området, og ta sporadiske turar i grensefjella mellom vill- og tamrein.



Figur 9. Tamreinflokk i Breheimen.

## 2. Registrering/overvåking

### 2.1. Ferdselstelling

Det har ikkje vore ferdselstelling i nokon av verneområda i 2014.

#### *Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging*

Å ha ein oversikt over bruken av verneområda er viktig for forvaltninga. Målingar som går over tid er verdifulle for å sjå utviklinga i besøkstala. Det er ikkje naudsynt å telje på same staden kvart år, og målarane vert flytta rundt til der det er størst behov. Det kan vere aktuelt å telje på nytt om nokre år i Mørkridsdalen og Dumdalen. Nasjonalparkstyret må melde inn behov for måling i bestillingsdialogen.

I Jotunheimen nasjonalpark er det sett i gong eit stort prosjekt om besøks strategi. Det er naturleg at dei erfaringane som kjem ut av prosjektet kan brukast i Breheimen nasjonalpark. Me bør difor følgje godt med på dette prosjektet.

## **2.2.Beveringsmål - strukturert befaring**

Miljødirketoratet valde ut nokre pilotområde for å prøve ut metodikk kalla strukturert befaring for å kvantifisere bevaringsmål. Slåttengene på Dulsete og Knivabakkgjerdet i Mørkridsdalen var med på målingane i 2012. Desse målingane vart gjentatt i 2014. Resultata er oppsummert i eigen rapport. Undersøkinga kan oppsummerast slik:

Feltarbeidet var ein grei gjennomgang av aktuelle overvakingsmetode for slåttengene for å følge med på kva som skjer i vegetasjonen etter at slått igjen blir innført som skjøtsel. Sidan bevaringsmålet ikkje var formulert i forvaltningsplanen var det i utgangspunktet vanskeleg å plukke ut kva som bør målast. Difor har me formulert førebelse bevaringsmål som truleg kan vidareførast i forvaltningsplanen. Bevaringsmåla har teke utgangspunkt i at ein ynskjer at det skal bli fleire slåtteartar i engene og mindre problemartar som sølvbunke, tistel og brennesle. Det opne arealet skal helst auke. Dette er dei førebelse bevaringsmåla som ein målar mot.

Metoden som er prøvd viser seg å vere relativt upresis. Transekta er ikkje 100% nøyaktige, og det er mykje skjønn med å anslå frekvens i rutene. Tidspunktet for feltarbeidet må variere ettersom vegetasjonen er svært ulikt kome frå år til år. Beitepresset er også ulikt. Likevel kan metoden gje ein peikepinn på tendensen i utviklinga over tid, om det blir meir eller mindre av problemartane og dei ønska artane (figur 10).

Arbeidsmengda har vore ein lang arbeidsdag for begge engene inkludert gåtid. Kanskje kan metoden forenklast? Kan berre fotografi og artsliste gjere same nytten? Det er vanskeleg å finne ein meir lettvint metode for å kvantifisere artane i enga.

Resultata tyder på at det minkar på sølvbunke på begge slåttegjerda, og at tepperot aukar på Dulsete. På Knivabakkgjerdet er det noko mindre tistel og brennesle, og arealet der det stod tett med problemartar har går betydeleg ned. Strø og tuedanning er vekke pga slåtten.

På Knivabakkgjerdet viser artslista at det er mange slåtteartar som er etablert i enga, og på Dulsete har også mange slåtteartar allereie etablert seg sjølv om artsmangfaldet er noko mindre der.

Resultata er som forventa etter at det er innført slått. Sjølv om beitepresset er relativt høgt, kan det sjå ut som om utviklinga går dit ein ynskjer med fleire slåtteartar in engene. Engarealet aukar. Utviklinga er i samsvar med verneformålet og dei førebelse bevaringsmåla (god måloppnåing).

## **2.3. Artsobservasjoner**

SNO registrerer heile tida artar tilfeldig når me er ute i felt. Observasjonane vert lagt inn i databasen Artsobservasjoner.

I Mørkridsdalen har det i tillegg vore ei enkel fugleregistrering i april, registrering av beitemarkssopp på Knivabakkli i august (figur 11), vegetasjonsregistrering på Knivabakkli og Dulsete i august, og registrering av lav og sopp på almetre i oktober.



*Figur 11.* Litt av mangfaldet av beitemarkssopp som er registrert på Knivabakkgjerdet. Fingersoppen til høgre er fiolett greinköllesopp *Clavaria zollingeri* som sårbar på rødlista og en god indikator på tradisjonelt, lite gjødsla kulturmarkseng.



*Figur 10.* SNO på strukturert befaring. Her vert dekningsgrad av tepperot målt langs eit transekt.

I 2014 har det vorte gjort mange observasjonar av fjellrev i Jotunheimen og Breheimen, og ein mogeleg hiplass er funne i Jotunheimen. Revande vart også fanga på viltkamera i vinter, figur 12.



Figur 12. To unge fjellrevar som jagar kvarandre på Sognefjellet tidleg i 2014.

#### *Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging*

Miljødirektoratet er i ferd med å innføre strukturert befaring og bevaringsmål som ein viktig metode for kartlegging og overvåking av verneområde. SNO må rekne med å bruke meir tid på dette i framtida.

Følgje med på fjellreven og prøve å finne hiplassar, men vere påpasseleg med å ikkje uroe den i ynglingstida.

#### **2.4. Bestandsregistrering rovvilt**

SNO gjennomfører bestandsregistrering av jerv frå januar og ut snøsesongen. SNO i Breheimen brukar mykje arbeidstid på dette, sjå figur 2 og 4, og overvåkinga medfører mange besøk i store delar av verneområda. SNO-Luster har vikariert som rovviltansvarleg i Roviltregion 1 i tre veker i 2014. Rovviltregistreringar rapporterast gjennom rovbasen som har eigen innsynsløysing.

Det vart avliva ein jerv i Breheimen og ein i Luster utanfor verneområdet i 2014 i regi av SNO – rovviltseksjonen.

Overvåking av kongeørn har vore vidareført i 2014. Det er ikkje funne hekkande kongeørn innanfor Breheimen og tilgrensande verneområde, men det er gjort mange observasjonar av kongeørn i områda.

#### *Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging*

Kongeørnbestanden ser ut til å auke, men det er dårlege tal på bestanden. Difor er det auka fokus i SNO for å prøve å talfeste kongeørn, særleg hekkelokalitetar. Registrering av jerv held fram som tidlegare år.

### **2.5. Registrering av tekniske installasjonar**

Gjennom tenestekjøpet i Skjåk almenning har det vore gjort ein jobb i Lundadalalen. Der er det gjort registrering av alle hytter og naust i området. Desse er registrert på eige skjema og teke bilete av, og skal leggas inn i verneområdeloggen i løpet av vinteren. Elles i Skjåk er mykje allereie registrert, men noko står att. For Lom sin del er det ikkje begynt på dette arbeidet enno, men planen er at det i løpet av barmarkssesongen skal koma i gang/bli ferdig med dette.

I Luster har SNO teke bilete av alle hus og instrallasjonar i Breheimen, Mørkridsdalen og Vigdalen, men det er ikkje gjort detaljerte registreringar av storleik slik som i Lom og Skjåk (figur 13). Alle foto er lagt inn i Verneområdeloggen.

#### *Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging.*

Fortsetja registreringa og legge dette inn i verneområdeloggen. Vurdere tenestekjøp på dette.



*Figur 13. Døme på Verneområdelogg - foto av bygningar og installasjonar.*

### **3. Tiltak frå bestillingsdialogen**

Alle tiltak frå bestillingsdialogen er gjennomført som planlagt bortsett frå haustbeiteprosjektet på Dulsete som vart utsett.

I Luster er det gjennomført 10 tiltak i løpet av 2014.

Slått på Knivabakkgjerdet i Mørkridsdalen LVO	20 000	Gjennomført
Slått på Dulsete i Mørkridsdalen LVO	20 000	Gjennomført
Haustbeite på Knivabakkli i Mørkridsdalen LVO	21 000	Gjennomført
Restaurering av rising almar i Mørkri, Mørkridsdalen LVO	35 000	Gjennomført
Oppattbygging av Liabrua i Mørkridsdalen LVO	215 000	Gjennomført
Restaurering av sti ved Vetlafosso og Hydnavollen i Mørkridsdalen LVO	50 000	Gjennomført
Restaurering av sti frå Dalen-Austra i Mørkridsdalen LVO	80 000	Gjennomført
Restaurering av sti frå Vårstølen – Forlesvåi i Vigdalen LVO	60 000	Gjennomført
Granhogging ved Vigdalsstølen i Vigdalen LVO	25 000	Gjennomført
Informasjonstavler om landskapsvernområda i Luster	20 000	Gjennomført

Pengar frå haustbeitetiltaket på Dulsete vart overført til granhogst i Vigdalen,

I tillegg har SNO Luster brukta litt pengar på å komplimentera ny skilting i Vigdalen og Mørkridsdalen LVO.

I Oppland er det utført følgjande tiltak:

Inngjerding p-plass i Tundradalen	55000	Gjennomført
Inngjerding p-plass i Høydalen	50000	Gjennomført
Ny bru over Sotgrove v Sota sæter	80000	Gjennomført
Barnas naturoppsyn	35000	Gjennomført

#### **3.1. Kulturlandskapsskjøtsel i Mørkridsdalen**

I august vart det gjennomført slått på Knivabakkgjerdet (15 da) og Dulsete (11 da). Graset vart slått med slåmaskin, raka saman og kompostert i utkanten av enga (figur 14).. Det var mykje gras på Knivabakkgjerdet, men lite på Dulsete på grunn av mange beitedyr. Enga på Dulsete vart gjerda inn med el.-gjerde etter slåtten for å hindre kyrne å beite opp graset for sauene som det var meininga å sleppe inn att på Dulsete etter klipping (figur 15). Dette vart det ikkje noko av i år av ulike grunnar.

På Knivabakkli vart det også fjerna eit gammalt nettinggjerde som var grodd fast ned i enga. Det var mange frå SNO som hjelpte grunneigarane med slåtten i år: Rein Arne Golf, Rune Holen,

Kjersti Follesøy, Anne Rudsgen og Liv Byrkjeland. Nasjonalparkforvaltar Eldrid Nedrelo var også med på Dulsete.



Figur 14. Frå slåtten på Knivabakkjerdet og Dulsete 2014.



Figur 15. Storfea beitar no frå Hødnnavollen til bruhaugen over Vetlafosso. På Dulsete vart dei gjerda ute etter slåtten.

Det er utført haustbeiting med 104 sau i området rundt Knivabakkli også i år.

I oktober vart det restaurert fem nye almar i området over Mørkri der det er restaurert to almar tidlegare. I tillegg har mange ung almar blitt styva. 13 av desse er beskytta med hønsenetting mot hjortegnag. Enga under dei to største almane er blitt slått med ryddesag og raka. Skogen mellom almane er også rydda. Dette har gjenskapt eit fint og heilskapleg kulturlandskap (figur 16). Arbeidet er utført av økoøg Steinar Vatne og SNO.



Figur 16. Restaurering av store risings almar krev kompetanse, her er økolog Steinar Vatne i aksjon med klatreselen. Unge almar treng beskyttelse mot hjortegnaging på barken. Heilskapleg kulturlandskap med steingarde, risings almar, eng og hassel.

### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Skjøtselen i Mørkridsdalen må halde fram. Det er viktig at motiverte grunneigarar vert følgd opp.

### *Anbefalte oppfølgingspunkter neste år*

Slått på Dulsete, Knivabakkgjerdet og haustbeiting.

## **3.2. Skjøtsel i Vigdalen**

### **Rydding av vegetasjon rundt stien**

Vigdalen grendalag har sett inn stor dognadsinnsats på rydding av skog langs stølsstien heilt til Forlesvåi (figur 17).



*Figur 17. Rydding i regi av grendalaget i Vigdalen. Veden er sett opp til tørk på tradisjonelt vis.*

### **Granhogst**

Rundt Vigdalsstølen (Fjellstølen) finst det fleire småfelt med over 100 år gammal gran som vart planta ut av naturmannen Hans Vigdal. Granene er i ferd med å spreie seg, og SNO har iverksett felling og plukking av spreidd gran dei siste åra. Sidan granene har ein historisk

verdi så har forvaltninga og SNO hatt ein grundig prosess med informasjon av ulike brukarinteresser for å førebu dei på hogsten gjennom fleire år. Hausten 2014 var tida mogen for å setje i verk tiltak med hogging. Hogginga startar lengst vekk frå Vigdalsstølen (Fjellstølen). Samtidig skal det setjast ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide med informasjon om Hans Vigdal og granene for å ta vare på den historiske verdien som granene har.



*Figur 18. Grunneigar Oddvar Vigdal har teke på seg oppdraget med å hogge gran. I 2014 har granene merka med blått blitt felt. Tiltaket vil halde fram i 2015 om det vert sett av midlar.*

#### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Gjengroing trugar verneverdiane i Vigdalen, og spreiling av gran har vore den største trugselen. SNO bør halde fram med å fjerne smågran. Prosessen med å fjerne stor gran bør halde fram i 2015. Samtidig må ein vurdere om noko bør stå att som kulturminne, og jobbe med å lage informasjon om Hans Vidal og hans gjerningar.

#### *Anbefalte oppfølgingspunkter neste år*

Hogging av meir gran i kombinasjon med informasjonstiltak. Murane etter Vigdalsloftet som er flytta til De Heibergske Samløinger – Sogn Folkemuseum kan vere godt eigna stad for informasjonsformidling.

Rydding av stølsvollen på Fjellstølen og Breisete i samråd meg grunneigarar.

### **3.4. Utbetring av buforveg i Mørkridsdalen**

Utbetringa av buforvegen i Mørkridsdalen er flereårig prosjekt som starta allereie i 2010. I 2014 er det arbeidd med strekninga frå Dalen til elva Austra sør for Fjellsli, kleiva ved

Vetlafosso, stabbesteinar ved Hødnnavollen og gjenreising av bru ved Liane (figur 19, 20, 21). Det har vore synfaring i forkant av alle tiltaka med forvaltning, grunneigar og utførar.

Mørkridsdalen har no vorte mykje meir tilgjengeleg på vestsida av Mørkridselvi. Det kan førast større beitedyr over til stølen Knivabakkli, og turfolket har fått fleire rundturar via Liane og Dalen.



*Figur 19. Det største tiltaket i Mørkridsdalen i 2014 var bygging av Liabrua som vart utført av Skjolden bygdeservice.*

På Fjøshaug over Hødnnavollen var det tidlegare stabbesteinar som hindra høy- og vedlass å ramle i elva. Mange av steinane har forsvunne, og det var ønske frå grunneigarane om å setje desse opp igjen.

Skjolden bygdeservice har funne Stein i nærområdet. 13 steinar har kome på plass. Dette gjer det tryggare å jage storfe på buforvegen.

Skjolden bygdeservice har revegetert områda der steinen er henta frå.



Figur 20. Stien mellom Austra og Dalen har blitt tryggare og det er lettare å finne fram.



Figur 21. Nye stabbesteinar på Fjøshaug

#### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Veret minnar oss stadig på at klimaendringane kan forårsake mykje skade på stiar og bruer. Utbetringar som er gjort i Mørkridsdalen har vore gode nok til å tåle ein 50 års flaum. Store vassmassar må takast omsyn til i alle tiltak.

Buforvegen har blitt utbetra i hovudsak med tanke på buføring av husdyr. Dei siste åra har fleire sett i gong med beitedyr, og det er fleire sauher, storfe og geit i dalen enn på mange år. Dette er ei positiv utvikling av verneområdet som bør stimulerast vidare.

Forvaltninga og SNO har fått innspel om at stien på vestsida av Mørkridselvi ikkje er god nok for hest, og treng utbetraast på nokre parti. I tillegg er det trong for å utbetre stien som går opp fjellsida på austsida av Mørkridsdalen frå Rebnisli til Myraseter. Der ynskjer grunneigar å setje i stand den gamle kløvjavegen slik at den kan brukast av folk og dyr.

Ved Åsetevatnet er DNT stien därleg mellom Åsete og Fast og bør utbetraast.

*Anbefalte oppfølgingspunkter neste år*

Prioritere stien til Myraseter og vestsida av Mørkridselvi.

### **3.4. Utbetring sti i Vigdalen**



Vigdalen grendalag har utbeta stien frå Vårstølen til Forlesvåi i Vigdalen. Det er rydda, grøfta, stien er steinsett og kloplagd på dei blautaste partia (figur 22).

På svaberget på Forlesvåi har den gamle steintrappa vorte bygd opp att. Denne skal gjere det lettare for storfe å kome innover i dalen for å beite.



*Figur 22. Utbetring av DNT stien med steinlegging. Muring av trapp opp Forlesvåi.*

### 3.5. Skilting i Mørkridsdalen og Vigdalen

<b>MØRKRIDSDALEN</b>	<b>VIGDALEN</b>	
		
<b>MØRKRI</b>	<b>HØDNEVOLLEN</b>	<b>STORATJØDNI</b>
		
<b>KNIVABAKGJERDET</b>	<b>KNIVABAKKLI</b>	<b>VEST FOR LIABRUI</b>
		
<b>LIANE</b>	<b>DALEN – VESTSIDA</b>	<b>FOSSEN</b>
		

Figur 23. Foto av alle skiltpunkta i Mørkridsdalen. I Vigdalen er det også sett opp 32 retningsskilt fordelt på 10 punkt.

### **Nye retningsskilt**

I løpet av 2013 og 2014 har SNO erstatta alle retnings- og namneskilt med nye standardskilt i Mørkridsdalen og Vigdalen LVO. I tillegg er det sett opp nye skilt ved stien på vestsida av Mørkridsdalselvi, sjå kart i figur 23. I alt er det sett opp 59 retningsskilt. Skiltinga i Dalsdalen og vestsida av Mørkridsdalen gjer det lettare å finne fram. Turgåarar har gitt mange positive tilbakemeldingar på skiltinga.

### **Nye informasjonsskilt**

I Skjåk og Lom er det sett opp informasjonskilt om landskapsvernområda, men dette har mangla i Luster. I år har me fått utarbeida nye skilt som skal hengast opp på informasjonstavlene i Kilen i Dalsdalen, Vårstølen i Vigdalen, Jervane og Hødnnavollen i Mørkridsdalen. Skilta vert hengt opp i løpet av seinhausten 2014.

#### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Det har vore mange aktørar som har hengt opp skilt. Det må avklarast kven som eig og har ansvar for skilta. Sno og NP-forvaltninga skal ikkje eige eller ha vedlekehaldsansvar for skilta.

*Anbefalte oppfølgingspunkter neste år*  
Lage oversikt og avtalar om vedlikehald.

### **3.6. Inngjerding av parkeringsplass i Tundradalen**

I forbindelse med at det er geitsæter og andre husdyr i Tundradalen, er det vore ynskt å lage ein parkeringsplass som er trygg for folk å bruke når dei skal inn i fjellet. Problematikken med skade på bilar av husdyra er kjent, og dette tiltaket skal betre på det. Inngjerdinga vart bygd på dugnad av setereigarar, husdyreigarar, grunneigarar og SNO (figur 24). Den vart bygd slik at den kan gjere nytte som samletrå om hausten, samt at det vart sett opp sperregjerde inntil plassen som hindrar dyr i å reise austover dalen. Vi leigde inn gravemaskin til å slå ned gjerdestolpane og grave ned grindstolpar. Elles skruva vi fast slinder og nytta spikarpistol til å skyte fast staketten.

#### *Utviklingstrekk/utfordringer og anbefalte oppfølgingspunkter*

Følge med på konstruksjonen, samt vurdere om det er behov for slind på toppen av staketten.



Figur 24. Dugnadsbygging av inngjerding.

### 3.7. Inngjerding av parkeringsplass i Høydalen

På same måte som i Tundradalen, er det også i Høydalen behov for parkeringsplass for at folk trygt skal få parkert utan skade på bilar. Dette vart utført slik at fjellstyret og SNO gjorde jobben. Vi leigde gravemaskin for å slå ned gjerdestolpar og grave ned grindstolpar. Samtidig nytta vi maskina til å legge til steinar som stengsel på nokre stikkveger ved Veslvassenden og Vassenden. Dette er for å stenge gamle traktorveger i utmark (figur 25).

Nå ville naturen det slik at det skulle gå jordras gjennom delar av plassen, samt over vegen fleire plassar i Høydalen i slutten av oktober. Dette medførte noko skade på sjølve gjerdet, samt at grøfter og stikkrenner har fylt seg (figur 26).



Figur 25. Den ferdige plassen før raset gjekk.



Figur 26. Bilete av plassen etter at raset gjekk 28.10.2014.

### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Klimaendringar med andre verforhold gir tydelege utfordringar.

### *Anbefalte oppfølgingspunkter neste år*

Oppryddingsarbeid med gravemaskin, samt reparasjonar av øydelagd gjerde.

### **3.8. Bygging av ny bru over Sotgrove ved Sota sæter**

Den gamle bruha har i dei siste åra vorte därlegare, difor har det tvinga seg fram eit prosjekt med denne. Brua ligg ved Sota sæter, og er brukt av turistar, setereigarar, jegarar, fiskarar og andre som skal innover dalen mot Mysubytta. Under byggeperioda kom det flaum også her, som øydedla det nye brukaret på eine sida. Dette gjorde sitt til at prosessen vart utsett noko, men sluttført med eit godt tilfredsstillande resultat. Skjåk almenning/Skjåk kommune fungerte som byggherre (figur 27).



Figur 27. Brua under bygging

## 4. Andre tiltak

### 4.1. Tilrettelegging i Dumdalen

Prosjektet i Dumdalen er vidareført, men det er ikkje gjort så mykje der i år, i påvente av at forvaltningsplanen skal kome på plass (figur 28). Bakgrunnen er at stigane vert utvida for kvart år, og nye stigar vert danna. Det vi har gjort i år er å setje opp gjerde som stengjer for nokre stigar slik at dei på sikt skal gro att. Håpet er at vi skal klare å kanalisere trafikken på eit minimum antal stigar. Neste år er planen å flekkvis revegetere der vi ynskjer at stigen skal bli borte. Kavledekket ser ut til å fungere fint, og det gror fort til ved sidan av. Bållassen ser ut til å verte brukt ein god del. I sjølve grottene har vi framleis problem med tagging og skribling med stein og kol.



Figur 28. Oppsett gjerde for å lede trafikken på eit færre antal stigar.

#### Utviklingstrekk/utfordringar

I Dumdalen er det forholdsvis stor trafikk som fører til auka slitasje i terrenget. Her der det behov for meir informasjon angående bruken av grottene.

#### Anbefalte oppfølgingspunkter neste år


Fortsetja med stigkanalisering/styring av fotturistane, samt oppsetjing av infotavler om bruken av grottene. Kome i gang med revegetering på stigane som skal leggas ned. Ha ein dugnad på oppussing i grottene – fjerning av «tagging» og søppel.

#### **4.1. Uttak fremmede arter. Vrifuru i Tundradalen**

I Tundradalen i området ved Brumillomsætra, vart det i 1981-82 planta godt og vel 140 dekar med amerikansk vrifuru (Contorta). Vi fekk frå forvaltninga i oppdrag å starte på eit prøveprosjekt med uttak av dette treslaget. Grunneigar Skjåk almenning var med på tankeprosessen, og ville ta seg av utkjøring av virke som sto til slipkrav.

**Metode:** Manuell hogging med motorsag av grovt virke, og bruk av ryddesag på mindre trær. Trær som er grøvre enn 10 cm i brysthøgde skal kvistast og legges opp for transport ut. Det som er mindre skal felles og la ligge. Vi la opp tømmeret i lunner for videre transport med lassbærer.

Vi i SNO ba samen til ein dagnad, der vi vart fem stykker som hogde i tre dagar. Det var arbeidskrevjande då naturleg furu og lauvtre skulle stå att, men etter desse dagane vart det hogd om lag 50 kubikkmeter opplagt til uttransport.




*Figur 29 Vrifuru klar for utkjøring*



*Figur 30 Utan mat og drikke..*

#### *Utviklingstrekk/utfordringar og anbefalte oppfølgingspunkter neste år*

Arbeidskrevjande jobb, med mykje handtering i delvis kronglete terrengr. Transporten av tømmeret er lang – ca. 1,3 km ein veg. Ein lyt nok ha tilsvarande dagnadar i 3-5 år til for å verta ferdig med heile bestandet. Lyt rydde skogsveg for vegetasjon før transport tek til. SNO stiller seg positive til å fortsetja prosjektet.



**10. november 2014**

**Liv Byrkjeland og Øyvind Angard**



*Laprosose frå Tundradalen*